



Møteinnkalling

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Kommunestyresalen
Dato: Torsdag 18.11.2021
Tid: Kl. 18.30
Ord for dagen: Herman Inge

Forfall må meldast til kyrkjeverje: kyrkja@fitjar.kommune.no eller 90 19 70 69.

Jostein Skram og Karin Maria Korsvik møter som vara. Andre varamedlemer møter berre etter særskild innkalling.

Innkallinga er sendt til:

Svein Lunde	leiar
Wenche Andersen Helland	nestleiar
Sigrid Marie Fangel	skrivar
Tom Rydland	medlem
Anne Marie Røed	medlem
Herman Inge Aadland	medlem
Håkon Rydland Sæbø	medlem
Aase Rygg H. Nøttveit	medlem
Roald Drønen	sokneprest
Sigurd Andre Maraas	kommunal representant
Jostein Skram	1. vara
Karin Maria Korsvik	2. vara
Magnor Tverderøy	3. vara
Hilda Gloppen	4. vara
Jan Ottar Wiik	5. vara
Svein Arne Theodorsen	vara for sokneprest
Jan Overweg	kyrkjeverje

Fitjar, 12.11.2021

Svein Lunde
soknerådsleiar

Jan Overweg
kyrkjeverje

Sakliste:

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMM REPR
2021/70	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	x
2021/71	012.1	Godkjenning av møtereferat frå soknerådsmøte 04.11.2021	x
2021/72		Kort orientering frå kyrkjeverja om arbeidet i soknet	x
2021/73		Økonomirapport januar-oktober 2021	x
2021/74		Utstilling av inventar frå gamle kyrkja	x
2021/75		Høyring framtidig kyrkjeleg organisering	
2021/76		Strategidokument Fitjar sokneråd 2021-2023	
2021/77		Gudstenesteliste for våren 2022	
2021/78		Val av leiar og nestleiar	
2021/79		Møteplan våren 2022	
2021/80		Meldingar / open post	

Sak 2021/70 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og saklister godkjent.

Sak 2021/71 012.1 Referat frå sist møte

Framlegg til vedtak:

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 4. november 2021.

Sak 2021/72 Kort orientering frå kyrkjeverja om arbeidet i soknet

Kyrkjeverje legg fram ei orientering om arbeidet i soknet.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

Sak 2021/73 Økonomirapport januar-oktober 2021

Kyrkjeverje orienterer om økonomien pr. oktober 2021. Saldorapport ligg ved innkallinga. For å kunna ta stilling til eventuelle endringar i disponeringar er det nødvendig å merka seg

- budsjettert bruk av ubundne fond (19400)
- at tilskot til trusopplæring (17000) først kjem i november
- at festeavgift (16106) førebels ikkje er ført i rekneskapen
- at annonseinntekter for kyrkjebladet (16202) ikkje er ført i rekneskapen

|

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka

Sak 2021/74 Utstilling av inventar frå gamle kyrkja

På galleriet i kyrkja er det utstilt både preikestol, døypefont og anna inventar frå gamle kyrkja. Kyrkjeringen v/ Anne Britt Tornes har lagt forslag til korleis ein kan presentera og dokumentera denne utstillinga betre. Det er tenkt å produsera ei avlang tavle som kan hengjast på veggene ved utstillinga som fortel noko om gjenstandane og gamle kyrkja. Kyrkjeringen vil ta kostnadene. Forslaget er lagt ved innkallinga.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet støttar framlegget og ber kyrkjeringen å fullføra i samarbeid med kyrkjeverje.

Sak 2021/75 Høyring framtidig kyrkjeleg organisering

Saka har tidlegare vore handsama i sak 2021/55 og 2021/62. Arbeidsgruppa som har arbeidd med høyringsspora legg fram ferdig høyringssvar. Dokumentet er lagt ved innkalling.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet sender høyringssvar slik det no er lagt fram - innan fristen 01.12.2021.

Sak 2021/76 Strategidokument Fitjar sokneråd 2021-2023

Strategigruppa presenterer dokumentet som er utarbeidd. Dokumentet er lagt ved innkalling.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka

Sak 2021/77 Gudstenesteliste for våren 2022

Gudstenesteplanen slik den ligg føre er drøfta i stab og gudstenesteutval. Takkofferlista er vedteke ut januar. Takkofferlista for februar til juli vert lagt fram for soknerådet i januar.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet godkjenner gudstenesteplan for våren 2022 slik den er lagt fram i møtet.

Sak 2021/78 Val av leiar og nestleiar

Leiar og nestleiar skal veljast blant dei faste medlemmane, og for eit år om gongen. Noverande leiar og nestleiar seier seg viljug til attval. Valet skal vera skriftleg (verksemdreglane §1 nr.3).

Framlegg til vedtak:

Soknerådet vel desse for eit år:

Leiar:

Nestleiar:

|

Sak 2021/79 Møteplan våren 2022

Forslag til møteplan for sokneråd og arbeidsutval er slik:

torsdag 20.01 - (Arbeidsutval 12.01)

torsdag 17.02 - (Arbeidsutval 09.02)

torsdag 31.03 - (Arbeidsutval 23.03)

torsdag 21.04 - (Arbeidsutval 06.04)

torsdag 19.05 - (Arbeidsutval 11.05)

torsdag 16.06 - (Arbeidsutval 08.06)

Møter i sokneråd til vanleg 18.30-21.00

Møter i arbeidsutval til vanleg 17.00-18.30

Sak 2021/80 Meldingar / open post

|